



REFERAT frå Kviteseid Sokneråd

Torsdag 25. januar 2024, kl. 18.00

på kommunehuset / kommunestyresalen

Innkallinga: Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund og Anne Oddny Foldøy. Dag Harald Undheim (fungerande sokneprest) og Kristen Salmelid (kyrkjeverje). Tarjei Draugedal (ordførar og kommunerepresentant)

1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdslid,

Innkallinga vart og sendt til dei andre varamedlemmene: Monica Haugestøl (2.v.), Geir Helge Susort (3.v.), Jorunn Simonsen (4.v.) og Jan Rune Bjørnson (5.v.).

Forfall: Dagfinn Køhn

Opningsord ved kyrkjeverja, etter tankar frå Dagfinn Køhn

Beverting ved Astrid Breivik

Oversikt over saker:

SR-sak 01.24 FR	Innkalling og saksliste
SR-sak 02.24 FR	Post og meldingar
SR-sak 03.24 FR	4-års møteplan for soknerådet 2024-2027
SR-sak 04.24 SR	Minnelund på Kviteseid kyrkjegard
SR-sak 05.24 SR	Driftsbudsjett 2024 og plan for 2025-29
SR-sak 06.24 SR	Investeringsbudsjett 2024 og plan for 2025-29
SR-sak 07.24 SR	Tilsetjing av ny sokneprest
SR-sak 08.24 SR	Årsmøte i Diakonaten 7. april
SR-sak 09.24 SR	Komité for konfirmantfest 28. april
SR-sak 10.24 SR	Eventuelt

SR-sak 01.24 FR	Innkalling og saksliste	MS
<p>Innkallinga til dette møtet vert sendt ut på e-post til alle rundt 18.01.2024</p> <ul style="list-style-type: none">• medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd 2023-2027• revisor og prost til orientering. <p>Dag Harald Undheim er fungerande sokneprest.</p> <p>Merknader til innkalling eller saksliste? Eventuelt?</p>		

Forslag til VEDTAK:

Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.

VEDTAK:

Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.

Nye saker til info vart lagt til på Post og meldingar, og 3 nye saker til vedtak vart lagt til under eventuelt.

SR-sak 02.24 FR**Post og meldingar****MS****1. Arrangement sidan sist SR:**

- Føremiddagstreff på Misjonshuset 22. nov. kl. 11.00
- Språkkafé på Misjonshuset 29. nov. (Ukrainsk mat)
- Jolesongar i Kviteseid kyrkje 29. nov. kl.18.00 ved hornmusikken og Olav Holm
- Konsert i Fjågesund kyrkje 3. des. kl. 19.00 med 'No Boots'
- Adventskonsert for eldre med jolegraut i Kviteseid kyrkje 6. des. kl. 11.00
- Stabsfest 9. des.
- Kilen 10. des. kl. 16.00: Gudsteneste med eit annleis jolebord
- Fest for Lundenjordet, på Misjonshuset 13. des. kl. 18.00
- Skulegudsteneste for Kviteseid og Brunkeberg skule 15. des. kl. 8.45.
- Jolevandring med Kviteseid barnehage i Kviteseid kyrkje 19. des. kl. 10.00.
- Skulegudsteneste med Kvitsund gymnas i Kviteseid kyrkje 19. des. kl. 13.00.
- Adventskonsert i Kviteseid kyrkje 17. des. kl. 17.00 (med hornmusikken og alle kor i bygda)
- Avskjedsgudsteneste og fest 7. jan.24 for avtroppande sokneprest Møyfrid Lunde: Gudstenesta i Kviteseid kl. 11.00, og fest på Misjonshuset rett etter.
- Felles familiemøte 21. jan. 16.-00 på Misjonshuset

2. Planlagde arrangement:

- Taizé-BØN i Kviteseid kyrkje askeonsdag 14. februar kl. 19.30
- Arbeidsutval (AU) 22. febr.
- Fellesmøtehelg med Siri Iversen 1.-3. mars (i Kviteseid kyrkje?)
- SR 7. mars
- Fasteaksjonen tysdag 19. mars. Trusopplærer organiserer saman med konfirmantprest Berit Bjørnerud. Vi har for få konfirantar til å dekke alle rodene, så vi treng hjelp.
- Soknemøte (Årsmøte for Kviteseid sokn) søndag 7. april i Kviteseid kyrkje, etter messa.

3. **Vedr. eigedomsoverføring av Kviteseid Gamle kyrkje til Kviteseid sokn.** Vi har enda ikkje pr 12.12.23 motteke noko endeleg frå bispedømekontoret. 2. nov. var rådgjevar for kyrkjebygg Geir Myre frå bispedømekontoret på besøk og synfaring rundt gamlekyrkja. Det er difor håp om ei tilråding frå dei om ikkje lenge. Dette vart SR informert om 01.03.23: Brev frå Cappelen om eigedomen Kviteseid gamle kyrkje, datert 30.01.2023 hadde ein heilt annan tone enn inntrykket var etter befaranga i desember. Dei er i utgangspunktet positive til overføringa av kyrkjeiegedomen til Kviteseid sokn, men skriv så mykje anna rart om m.a. veg og parkering. Kyrkjeverja har difor sendt brevet vidare til Biskopen og KA for juridisk hjelp til god handsaming vidare

4. **Avtale med Bufetat** om å vere ambassadør for fosterheimar vart signert 7. ses. 2023. Meir om kva dette inneber, kjem i neste kyrkjeblad, og etter kvart på nettsida og Facebook. ([Ref. SR-sak 34.23](#))

5. **Morgedal Bygdekvinnelag** ynskjer å gje ei gåve til ny benk til kyrkjegarden i Brunkeberg. Kyrkjegardsarbeidarane og kyrkjevevja har difor i fellesskap funne fram til kva type benkar vi skal bruke på kyrkjegardane vidare. Prisen ligg på rundt kr 10.000 pr benk. Dette er formidla til bygdekvinnelaget som har overført beløpet i januar 2024. Vi set opp eit skilt på benken om kven den er ei gåve frå, og SR (kyrkjevevja) **må hugse å takka dei igjen når benken er på plass.**
6. **Ny alarmsendar i Brunkeberg kyrkje** må på plass i løpet av våren 2024. Den gamle brukar 2G-samband som snart blir avvikla. Kostnad for ny ferdig montert sendar er kr 12.000. Brannalarmsentralen bør og bli byta ut, men det har vi ikkje gjort nokon avtale om enda. Skal Dyrud gjere det siste her, må dei fyrst få i orden anlegget i Vrådal.
7. **Det norske misjonsselskap (NMS)** har sendt ut eit brev som er til alle i soknerådet. Det ligg ved. Der er det og eit tilbod om å få bladet deira, Misjonstidende, gratis, om du ynskjer det. Saka er noko knytt opp mot misjonsprosjekt i soknet, men det er ikkje sak i soknerådet før til hausten 2024.

Lagt til etter innkallinga:

8. **Lønsforhandlingar for kyrkjevevja.** Leiar Marit Sørby fekk etter korrespondanse på mail med soknerådsmedlemmene samtykke til å ta med Sigrun Garvik Moen og kommunerepresentanten på møte om lønsforhandlingar med kyrkjevevja. Det fann stad 19. des. 2023. Ny løn frå 01.01.24 er innbaka i budsjettet for 2024
9. **Hadle Hovda var med i soknerådet i Kviteseid** i 3 heile periodar fram til 2015 og var leiar dei to siste periodane. Han døydde 20. januar 2024 og vert gravlagd 29. jan. I staden for ein krans frå soknerådet, vart det bestilt ein bærebukett og to kaker til minnesamværet på Kvitsund. Soknerådet har og ein bærebukett til bisettelsen til Ole Johnny Haugestøl (46) 7. febr. 2024. Han var Monica Haugestøl (2. vara) sin ektefelle.
10. **Revisor Hilde Vatnar har sendt brev om Årsoppgjeret for 2023**, med tekst og hugseliste. Kyrkjevevja har bede soknerådsleiaren vere med og sjå til at dette blir følgt opp.
11. **Kviteseid sokn er medlem i Kviteseid Næringslag.** Næringslaget har kalla inn til årsmøte tysdag 30. januar.

SR-sak 03.24 FR

4-års møteplan for soknerådet 2024-2027

MS / KS

Ein viktig del av soknerådet sitt ansvar er strategisk utvikling, vedtak om mål og planar for soknet.

Av fellesrådssaker kan vi nemne å sørgje for rammevilkåra (nok pengar til arbeidet), forvalte kommunale og statlege tilskot, styre planprosessar, vere arbeidsgjevar, og forvalte kyrkjer og gravplassar.

Av soknerådssaker er det mellom anna årsmelding, plan for gudstenester og ofringar som må opp på planen.

På fyrste ordinære soknerådsmøte denne perioden, 23. nov. 2023 vart møteplanen for 2024 vedteken. Ein tilsvarende møteplan vil ligge til grunn for dei 3 fylgjande åra, men utan eksakt dato.

Denne planen bygger på tilsvarende plan for perioden 2019-2023.

Dette soknerådet har allereie ytra ynskje om å besøke alle kyrkjene no tidleg i perioden. Dette og andre ynskje må plasserast på planen.

SR må handsama og ende opp med eit vedtak som kan vere utgangspunkt for SR sitt vidare arbeid denne perioden

Vedlegg: *Møteplan SR 2024-27*

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek den framlagde saks- og møteplanen for åra 2024-2027 med dei endringar og tilføyningar som er gjort under møtet. (*Den vedtekne møteplanen vert sendt ut med referatet*)

VEDTAK:

Soknerådet vedtek samrøystes den framlagde saks- og møteplanen for åra 2024-2027 med dei endringar og tilføyningar som er gjort under møtet. (*Den vedtekne møteplanen vert sendt ut med referatet*)

SR-sak 04.24 FR

Minnelund på Kviteseid kyrkjegard

MS / KS

Soknerådet har i [SR -sak 30.23](#) (27.04.2023) vedteke at det skal etablerast ein minnelund i Kviteseid. Til dette har rådet valt ut eit område i hekken mellom gravfelta nord for kyrkja (L, som er i bruk nå, og K som ligg nærmare Sundkilen). Planane til minnelunden er utarbeidde av kyrkjegardsarbeidar Bjørn Stian Sigurdslid, som ei oppgåve på Gravplass-skulen. (Sjå vedlegget *Minnelund-plan..*) Søknad til Statsforvaltaren vart send 14.7. Positivt vedtak 2023/7478 datert 22.11.2023 er motteke. Detaljarbeid med konsekvensane dette medfører, tar til tidleg i 2024. Minnelunden blir teken inn i budsjettet for 2024, men blir truleg over kr 100.000. Den kan med fordel difor finansierast over investeringsbudsjettet. Kostnadane i tillegg til eigen arbeidsinnsats blir mellom anna til

- innkjøp av stein til minnesmerke, drenerande masser, betong og jarn til fundament, skifer og kantstein, ekstern maskinhjelp
- etablering av tilføringsveg (litt graving og nytt topplag) og kantsteinar langs vegen
- eksternt arbeid med pålagt digitalisering av gravfelta (SOSI) Jamfør vedtaket frå Statsforvaltaren.

Det kan og vere greitt å ha med i same prosjekt noko maskinarbeid, kult og drenerande masse til 'muren' av brukte gravsteinar vi planlegg nedst i skråning langs vegen frå parkeringa til L og K.

Vedlegg: *Vedtak frå Statsforvaltaren (2023.7478)*

Minnelund-plan B.S.Sigurdslid 2022-23

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek at minnelunden blir finansiert over investeringsbudsjett og ber kyrkjevevja utarbeide eit meir detaljert budsjett.

VEDTAK:

Soknerådet vedtek samrøystes at minnelunden blir finansiert over investeringsbudsjett for 2024, og ber kyrkjevevja utarbeide eit meir detaljert budsjett.

Ei stor sak som årsbudsjett skulle gjerne ha vore handsama i AU fyrst, men det let seg ikkje gjera denne gongen, mellom anna grunna ferie for kyrkjevevja. Det er difor eit meir ferdig budsjettforslag kyrkjevevja presenterer denne gongen.

Kommunestyret hadde sitt budsjettmøte 7. des. 2023, der tilskota til Kviteseid sokn vart vedtekne. Til kyrkjegardsdrifta får soknet netto kr 796.600, og til dei andre avdelingane til saman kr 3.089.600. I tillegg har vi tenesteytingsavtala på kr 379.000 som ikkje blir justert i 2024. Dette inngår i rekneskapen, men blir ikkje utbetala. Til saman er tilskotet på kr 4.265.200. Kommunen har då redusert budsjettframlegget frå soknerådet frå august 2023 med kr 100.000.

Som ei følgje av dette, var det ikkje råd å setje opp eit budsjett i balanse utan bruk av fondsmidlar. Alternativet soknerådet har, er å redusere kostnadane og /eller auke inntektene.

Driftsbudsjettet for 2024 er sett opp med bruk av desse midla frå fond:

1. Bruk av kr 44.000 frå premiefondet i KLP (reduserer dei budsjettpostane hos oss). Dette er allereie registrert i KLP då fristen for å melde inn for 1. kvartal er 31.12.2024. (*line 11, 62,115 og 175*)
2. Bruk av kr 75.000 frå disposisjonsfondet (soknet sine sparepengar). Om det visar seg ved årsslutt at vi ikkje treng bruke desse midlane, vert dei ståande i fondet. (*line 238*)

Det er tatt høgde for moment som førre SR vedtok, at

- Talet på ofringar til eige arbeid blir auka frå 14 til 20 pr år. Men når inntektene på dette i år er så lågt som rekneskapen viser pr 15.12., så er denne inntekta heller redusert enn auka. (*sjå line 218 i vedlegget*)
- Reduksjon av Kyrkjebladet frå 4 til 3 nr i året blir realisert i 2024 fordi vi er utan sokneprest våren 2024. SR må vurdere om dette skal bli permanent, og om vi til dømes skal starte med reklame i bladet. Dette vil redusere kostnadane (til trykking og distribusjon), og auke inntektene. I budsjettforslaget for 2024 er kostnadane ikkje redusert av di inntektene / gåvene gjennom bladet pr 15.12. er vesentleg lågare enn forventa. (*sjå line 220 i vedlegget*)

På kyrkjegardsdrifta kan vi bruke noko mindre sommarhjelp enn det vi treng, men kyrkjevevja ønsker helst at kyrkjegardane skal sjå fine ut heile sommarsesongen, så det står om lag som forbruket i 2023. (*line 111 i vedlegget*)

Det er tatt høgde for kjent lønsauke, og at det i 2024 er eit hovudoppgjersår som kan føre til høgare lønsutgifter.

Byte av maskintralla (Ref.SR.sak 54.23): Vi fekk ikkje sal på den gamle tilhengaren og har difor 8.des.-23 avtala innbytepris for den på kr 35-38.000 med Kviteseid Motorservice. Ny større tilhengar til 76.000 kr + moms vert kjøpt i januar. Alt blir ført i 2024-rekneskapen. (*line 136*)

Straumutgiftene som tidlegare hovudsakeleg var ført på Kpt. 111 Kyrkjer (*line 78*), er her i budsjettforslaget ført opp med 10 % på Kpt. 112 Kyrkjegardar (*line 132*) fordi vi bruker straum til tining av graver og til drift av bårehusa og serviceavdelinga. Det er berre Fjågesund som har eigen målar på kyrkjegarden.

[Fleire detaljar frå budsjettarbeidet finn du i førebuing, handsaming og vedtak i AU og SR i august 2023, under utarbeiding av forslaget til kommunen, i SR-sak 45.23.](#)

Rekneskapsresultatet pr. 15.12. viser eit mindreforbruk på kr 177.000. (linje 254, nest siste kolonne i vedlegget) Sjølv om det heilt sikkert kjem ein del rekningar til i løpet av året, er det ikkje usannsynleg at vi endar med eit lite mindreforbruk (overskot).

Økonomiplan for dei fylgjande åra er eit krav i økonomiforskrifta. Økonomiplanen for 2025-2029 blir ført opp med ein auke på 3,0 % på alle hovudtala.

Vedlegg: Budsjettforslag 2024

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek det framlagde budsjettet som Kviteseid sokn sitt driftsbudsjett for 2024. Økonomiplanen for 2025-2029 blir ført opp med ein auke på 3,0 % på alle hovudtala.

VEDTAK:

Soknerådet vedtek samrøystes det framlagde driftsbudsjettet for Kviteseid sokn for 2024. Økonomiplanen for 2025-2029 blir ført opp med ein auke på 3,0 % på alle hovudtala.

SR-sak 06.24 FR

Investeringsbudsjett 2024 og plan for 2025-29

KS

Kviteseid kommune gjev Kviteseid sokn kr 500.000 i investeringstilskot for 2024. Det er ei halvering frå dei fem siste åra, og gjev soknet såleis mindre handlingsrom til naudsynte investeringar. Sakshandsaming og vedtak som vart sendt kommunen i august, finn du i [SR-sak 46.23](#) i referatet frå 24.08.2023.

Fyrste prioritet på lista over tiltak, er renovering av taket på Vrådal kyrkje. Einaste tilbod kyrkjevevja har motteke for dette arbeidet, er på kr 1,39 mill., så det kan vi ikkje ta til med no, ikkje ein gong delar av det. Oppstyking av slike prosjekt vert alltid fordyrande, og vi har heller ikkje midlar til halve taket. Vi må difor setje vår von til at vi etter kvart kan få midlar frå bevaringsprogrammet av kyrkjer som regjeringa nyleg har sett av kr 10 mrd. kr til. Søknadar vil bli sendt.

Neste post på investeringsplanen vedteken i 2023, er å halda fram med renovering av blyglasvindauga i Kviteseid kyrkje. Der står det att to store glas på langveggen mot sør, mange små vindauge, og det største, i aust-veggen over galleriet. I 2023 vart det ikkje tatt nokon vindauge av di vi ikkje var sikre på kor stor kostnaden på Kyrkjestøgo ville bli. Overskot (udisponera midlar) frå investeringar i 2023 vert uansett sett av til bunde investeringsfond, så dei kan brukast seinare.

Nytt prosjekt for 2024 vert Minnelund i Kviteseid, forutsett godkjenning av SR-sak 04.24 (over her)

Kyrkjevevja foreslår og at det fylgjande vert utreda og tatt med i investeringsbudsjettet viss mogleg. Men dette vert truleg under kr 100.000, og må såleis innhentast prisar på, og seinare finansierast over driftsbudsjettet.

Høgare rekkverk på galleriet i Kviteseid, av omsyn til tryggleik

Rekkverket er berre 60-75 cm høgt. Forskrifter i dag seier det bør vera minst 90 cm. Vaksne personar i tidlegare kyrkjekor var i mange år redde for å stå på fyrste rad på galleriet. Det er veldig forståeleg. Spørsmålet er korleis rekkverket best og finast kan gjerast høgare. Glasvegg, messing-farga røyr (som står i stil til lysekronene) eller aluminiums-røyr som står i stil til orgelpipene? Kostnaden med dette er avhengig av løysing som blir vald.

Kyrkjevevja ber om at soknerådet vurderer dette viss det er disponible midlar igjen utan å ta av bunde disposisjonsfond.

Investeringsplanen er det lite realisme i å setje opp, all den tid vi ikkje har nokon lovnad om tilskot frå kommunen, men det er fint å vise at det framleis er mykje som kan gjerast med noko investering. Så vil det sjølvsagt vere lov å søkje kommunen om investeringstilskot vidare og.

Ingen av tala i planen frå 2025-2029 er kvalitetssikra eller byggjer på anbod eller anslag.

Investeringsbudsjett 2024 og investeringsplan 2025-2029

ProsjektNR	Prosjekt	Budsjett 2024	Plan 2025	Plan 2026	Plan 2027	Plan 2028	Plan 2029
	Vrådal kyrkjetak, eigenandel av 1,39 mill.		500.000				
02303-002	Blyglas Kviteseid kyrkje	400 000					
-007	Minnelund Kviteseid	150 000					
	Etterisolering og varmestyring Vrådal			500.000			
	'Klimaskall' Brunkeberg				500.000		
	Nye omnar Vrådal					700.000	
	Nye omnar Brunkeberg						800.000
Finansiering							
07500	Tilskot frå kommunen	-500 000	-290000	-375000	-375000	-525000	-600000
072925	Kompensasjon mva	-137 500	-125000	-125000	-125000	-175000	-200000
	Overført frå bunde inv.fond		-87000	-2500	-2500	-2500	
SUM							
	Avsett til bunde inv.fond	-87 500	-2500	-2500	-2500	-2500	0

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek det framlagde forslaget til investeringsbudsjett for 2024, og investeringsplanen for 2025-2029

VEDTAK:

Soknerådet vedtek samrøystes det framlagde forslaget til investeringsbudsjett for Kviteseid sokn for 2024, og investeringsplanen for 2025-2029

SR-sak 07.24 SR

Tilsetjing av ny sokneprest

MS

Søknadsfristen for stillinga var 31.12.2023. Soknerådsleiar Marit Sørby er i denne saka med i tilsetjingsutvalet i bispedømet, har fått lese søknadane og skal vere med i intervju av kandidatane (på nettmøte) tysdag 23. januar 2024.

Soknerådet skal så velje blant kandidatane og stemme over dei kvar for seg, viss det er så mange søknadar.

Marit Sørby orienterer meir under møtet før soknerådet gjev sine stemmer på føretrekte kandidatar. Sjå elles vedlagt brev til soknerådet.

Vedlegg: Brev til sokneråd og tilsetjingsråd

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet har fått informasjon om søkjarane og gjev sine stemmer til desse:

Kandidat nr 1,, ...stemmer for og ... stemmer mot

Kandidat nr 2,, ... stemmer for og ... stemmer mot

Kandidat nr 3,, ... stemmer for og ... stemmer mot

Marit Sørby orienterte soknerådet om at det berre var to søkjarar til stillinga, og at berre Sigrun Lønning Solvang vart innkalla til intervju. Marit fortalde om intervjuet og kandidaten, og soknerådet fekk høve til å stille spørsmål og koma med kommentarar. Sigrun er frå Bømlø, men har budd i Kviteseid kommune i mange år, der ho har vore lærar på Kviteseid Skule og på Kvitsund Gymnas der ho er tilsett for tida. Ho har hovudfag i Kristendom og er snart ferdig med etterutdanninga 'Erfaringsbasert master prest'.

Med den store prestemangelen som er i Noreg i dag, skal vi vere glad vi har fått ein aktuell søkjar, at denne er god og i tillegg kjend i kommunen og kjend av mange av oss.

Då det vart gitt høve til skriftleg røysting, var det ingen som bad om det.

VEDTAK:

Soknerådet har fått informasjon om søkjarane og at Sigrun Lønning Solvang var den einaste som vart innkalla til intervju for stillinga som sokneprest i Kviteseid.

Soknerådet vedtok samrøystes å innstille Sigrun Lønning Solvang til stillinga.

SR-sak 08.24 SR

Årsmøte i Diakonaten 7. april

MS

Den årlege diakonisamlinga for Vest-Telemark er i år i Fyresdal søndag 7. april kl. 17.00.

I forkant av dette er det årsmøte i Diakonaten kl. 15.30. Diakonaten er styret for prostidiakon Eilev Erikstein. På årsmøtet pleier soknerådet å ha to utsendingar i tillegg til kyrkjevevja. SR må her finne dei to utsendingane.

Diakonisamlinga er open for alle som ynskjer det. Det pleier vere fine samlingar med gudsteneste og eit fint samvær før eller etter. Vedlagd ligg årsmeldinga for prostidiakonen for 2023, og halvårsplanen hans for våren 2024.

Vedlegg: Prostidiakonen si årsmelding for 2023, og Arbeidsplan for våren 2024.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet sine utsendingar til årsmøtet i Diakonaten er og

VEDTAK:

Soknerådet sine utsendingar til årsmøtet i Diakonaten er Marit Sørby og Anne Oddny Foldøy.

SR-sak 09.24 SR

Komite for konfirmantfest 28. april

MS

Samtalegudstenesta for 2024, blir i Vrådal kyrkje søndag 28. april kl. 16.00. Grunnen til tidspunktet er at det er sett opp felles Godhetsgudsteneste i Kviteseid same dag kl.. 11.00.

Etter samtalegudstenesta held soknerådet fest for konfirmantane og deira føresette. Soknerådet er ansvarleg for det praktiske rundt festen, mens innhaldet på festen er ved konfirmantpresten, trusopplæraren og organisten i fellesskap.

Komiteen har ansvar for lokalet og servering. Det må avklarast fort om festen skal vere i Vrådal eller i Kviteseid.

VEDTAK:

Soknerådet sin komité for konfirmantfesten 28. april er Marit Sørby, Astrid Breivik, Dagfinn Køhn, Solveig Aabø Løfgren og Sigrun Garvik Moen. Festen blir på Grendehuset i Vrådal.

SR-sak 10.24 SR	Eventuelt	MS
------------------------	------------------	-----------

1: Fellesmøta i Kviteseid blir i år 1. -3. mars i Kviteseid Kyrkje. Det er Kviteseid Normisjon som i år er ansvarlege for lokalet, og dei ynskjer å nytta kyrkja til møta fredagen kl. 19.00, laurdagen og sundagen kl. 17.00.

Samstundes har soknerådet på sin gudstenesteplan ei forordna gudsteneste i Kviteseid søndag 3. mars kl. 11.00.

Kyrkjeverja som for tida er med i Fellesmøtekomiteen, synest denne gudstenesta kan sløyfast, både fordi det blir for mange møte i same lokale same dag, og fordi vi ikkje har eigen sokneprest for tida.

VEDTAK SR-sak 10.1.24 SR:

Soknerådet ynskjer samrøystes å be biskopen om at vi tek bort den forordna gudstenesta i Kviteseid kyrkje søndag 3. mars kl. 11.00. Søknaden blir sendt til prost.

2: Under handsaming av 4-års planen for soknerådet, vart saka om **Kyrkjeblad** mm drøfta litt. Den blir på planen der den er sett opp 2. året, men om vi **ynskjer reklame i bladet**, vert det gjort vedtak om no. Kyrkjeverja treng og noko hjelp frå soknerådet for å kunne få ut eit nummer av bladet no før påske. Det vert i år berre 3 nr av bladet: før påske, i august og før jul. Grunna lite inntekt på bladet dei siste åra, vart det drøfta om vi skal ta til med reklame i Kyrkjebladet for å auke inntektene. Sokneprest Dag Harald Undheim i Seljord, kunne fortelje om gode erfaringar med reklame i kyrkjebladet 'Helg og høgtid' der.

VEDTAK SR-sak 10.2.24 SR:

Soknerådet vedtok samrøystes å starte med reklame i Kyrkjebladet frå i år. Redaksjonskomiteen drøfter mengda av reklame i bladet. Med i redaksjonskomiteen for påskenummeret blir Ida Sigurdslid og Marit Sørby, i tillegg til dei faste Olav Mosdøl, Øyvind Jørgensen og Dagfinn Køhn. Kyrkjeverja er redaktør inntil vidare og kallar snarleg inn til møte i redaksjonskomiteen for påskenummeret. Dag Harald Undheim skriv ein andakt.

3: Kurs for fellesråd vert arrangert av Hovudorganisasjonen KA, på Bø hotell 26. februar kl. 16.00-21.00. Det kurset bør alle i soknerådet delta på så sant dei har anledning. Påmeldingsfrist er 26.januar.

VEDTAK SR-sak 10.3.24 SR:

Kyrkjeverja talde opp dei som kan vere med på FR-kurset i Bø 26. febr. og melder dei på innan fristen 26. jan.

Komande møte:

AU 22. februar kl.14.00 og 18. april

SR 7. mars kl 18.00 og 2. mai

Soknemøte/årsmøte i Kviteseid kyrkje etter gudstenesta 21. april